



Notat

Til:

Knut Harald Frøland

Frå:

Jan Erik Boge

Kostnadsauke i 2019 som følge av auke i ordførargodtgjersle

Saknr/Journalnr
18/556/18/9535//JEB

Arkivkode
FE-151

Dato:
06.12.2018

Som følge av kommunestyret sitt vedtak 08.11.2018 om å auka ordførargodtgjersla frå 80% til 85% av stortingsrepresentantane si godtgjersle frå og med 2019, er det behov for å gjera nokre justeringar i forhold til rådmannen/formannskapet sitt budsjettframlegg. Desse justeringane bør stå i vedtaksteksten i kommunestyret sitt budsjettvedtak for 2019. Forslag til formulering til budsjettvedtaket følgjer nedst i dette notatet.

I rådmannen sitt svar på interpellasjonen til kommunestyret 08.11.2018 vart det opplyst at kommunen vil få ein samla ekstrakostnad på ca. 110.000 kroner i 2019 dersom ordførargodtgjersla vert auka frå 80% til 85% av stortingsrepresentantane si godtgjersle. Fordelinga av kostnadsauken var lista opp som følgjer:

Tekst	Kostnadsauke inkl. avgifter
Ordførargodtgjersle	65 249
Varaordførargodtgjersle	3 195
Møtegodtgjersle/utvalsleiargodtgjersle	41 150
Sum	109 594

Utrekninga av auke i møtegodtgjersle ovanfor er basert på at det vert om lag same tal møte i 2019 som 2018. Den faktiske kostnadsauken til møtegodtgjersle i 2019 vil sjølvstakt bli redusert dersom det vert færre møte i 2019 enn i 2018.

Forslag til tekst i kommunestyret sitt budsjettvedtak:

“Som følge av kommunestyret sitt vedtak om å auka ordførargodtgjersla frå 80% til 85% frå og med 2019, vert det gjort følgjande endringar i forhold til formannskapet sitt budsjettframlegg:

- *Budsjettsummen til ordførargodtgjersle vert auka med 47 800 kroner pluss avgifter.*
- *Budsjettsummen til varaordførargodtgjersle vert auka med 2 800 kroner pluss avgifter.*
- *Budsjettsummen til møtegodtgjersle og utvalsleiargodtgjersle på funksjon 1000 (kommunestyret/politiske organ) vert auka med 27 000 kroner pluss avgifter.*
- *Budsjettsummen til møtegodtgjersle og utvalsleiargodtgjersle på funksjon 1002 (stortingsval/kommuneval) vert auka med 4 000 kroner pluss avgifter.*
- *Budsjettsummen til møtegodtgjersle og utvalsleiargodtgjersle på funksjon 1101 (kontrollutval) vert auka med 4 000 kroner pluss avgifter.*

Kostnadsauken blir finansiert ved redusert avsetjing til disposisjonfondet.”